



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# RAPPORT FRÅ KULTURMINNEREGISTRERING

Guleslettene vindkraftverk  
BREMANGER OG FLORA KOMMUNE



<b>Kommune:</b>	Flora og Bremanger		
<b>Gardsnamn:</b>	Guleslettene		
<b>Gnr/Bnr:</b>			
<b>Tiltakshavar:</b>	Zephyr AS		
<b>Adresse:</b>	Kalnesveien 5, 1712 Grålum		
<b>Namn på sak:</b>	Guleslettene vindkraftverk		
<b>Saksnummer:</b>	17/3031		
<b>Registrering utført:</b>	04.-21.07.17 & 10.08.17	<b>Ved:</b>	Karoline Hareide Breivik, Lars Jølle Berge, Isabel Furesund, Andreas Luneborg og Marie Hjorteseth Gjerde
<b>Rapport utført:</b>	15.07., 02.08. & 25.08.2017	<b>Ved:</b>	Karoline Hareide Breivik
<b>Rapport kontrollert:</b>			Berit Gjerland
Askeladden id:			
<b>Autom. freda kulturminne i området:</b>	-		
<b>Nyare tids kulturminne i området:</b>	Pollastølane Mullistølane Sørgulestølen Blomringen Steingard langs Sagedalen		

## SAMANDRAG

I samband med kulturminneregistreringa av Guleslettene vart det ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne eller indikasjonar på slike.

Planområdet vart undersøkt ved overflateregistrering supplert med graving av prøvestikk på gunstige stader. Det vart primært leita etter aktivitetsstader/buplassar frå steinalderen, spor etter fangst frå ulike tidsrom og etter tufter frå bronse-, jarn- og mellomalder.

## BAKGRUNN

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Næring- og kulturavdelinga gjennomførte ei arkeologisk registrering på Guleslettene. Bakgrunn for registreringa er Zephyr AS sin plan om vindkraftanlegg på Guleslettene. Registreringa vart utført for å oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt, jamfør § 9 i lov om kulturminne.

## OMRÅDET



Figur 1: Kart som viser planområdet markert i blått, Fylkesatlas.no/KHB

Planområdet ligg både i Bremanger- og Flora kommune, på Guleslettene. Arealet er eigd av i alt 42 grunneigarar og er på om lag 29 km<sup>2</sup>. Området på Guleslettene vert i dag nytta av turgåarar, og det er fleire turstiar området. Det er også ein del sau som har staden til fjellbeite på sommarstid.



Figur 2: Kart som viser avgrensinga av området for vindpark, ArcMap/KHB



Figur 3: Kart som syner delområda, ArcMap/KHB

Heile planområdet er mykje prega av oppbrote berg, og det er nord-sør-gåande platå i området. Desse er vertikale i vest og skrår nedover mot aust. Nokre stader er det tett i tett med meter-breie korridorar. Andre stader er desse korridorane mykje vidare. Skuringsstripene frå isen har ein generell retning NA-SV, men nokre stader går dei i alle retningar. Det omfattande området blei delt inn i fire delområde.

#### Delområde A

Planområdet er prega av skar/juv som strekker seg opp gjennom dalsidene og inn i planområdet. Det vart leita etter bogastille og liknande rundt desse. Desse skara kan ha vore naturlege trekkruter for flokkdyr.

Kvartsårer er observert eit par titals plassar. Desse er sjeldan meir enn ein cm breie. Nokre plassar utvidar dei seg og dannar lommer som inneheld bergkrystall. Bergkrystallane som er observert, er for små for å kunne nyttast i reiskapsproduksjon. Det vart leita etter større lommer/holrom der det kunne finnest større nabbar med bergkrystall, og etter spor etter uttak av slike til bruk, i særleg steinalderen.

#### Delområde B

Fleire småvatn. Eit grønt område låg ved Sörguleslettene, her vart det teke prøvestikk. Delområdet er elles skrint og med mykje stein. Det vart observert kvartsårer her også.

#### Delområde C


*Sør i delområdet:* Ein del myr i midtpartiet og nokre fjelltoppar. Mykje berg og steinur rundt småvatna.

*Nord i delområdet:* Fortsatt hellingar opp mot vest der det skyt vertikalt ned. Nokre ryggar er lokalisert i nedre del av Steindalen. Der campen var, er det funne silt mellom torv og stein. Det står ein saltstein her som

tilhører gard mot aust. I nedstigninga frå Steindalen vart det lokalisert kvartsårer med ei breidde på om lag 1 cm.

### Delområde D

Bratte fjell med steinur rundt Skaravatnet. Gjøkk ikkje innover grunna svært ulendt terreng og lite potensial.



Figur 4: Kart som syner planområdet og automatisk freda kulturminne i nærleiken, Fylkesatlas.no/KHB

Langs kysten frå Årebrotet i sør, til Hjellen i nord, er det registrert mange gravrøyser frå bronse- og jernalder. Det er også nokre aktivitetsområde frå steinalderen, m.a. på Gulestøa.

## **STRATEGI OG METODE**

### **DELTAKARAR OG TIDSROM**

Arkeologane Karoline Hareide Breivik, Lars Jølle Berge, Isabel Furesund, Andreas Luneborg og Marie Hjorteseth Gjerde utførte den arkeologiske registreringa på Guleslettene i perioden 04.-21.07. og 10.08.2017. 52 dagsverk vart nytta i felt og tre dagsverk er nytta på før- og etterarbeid. Ingen C14 prøver er sendt inn til datering.

### **STRATEGI OG METODE**

Området vart undersøkt ved overflaterregistrering og prøvestikking. Ved overflaterregistrering vert området nøye undersøkt for synlege strukturar i overflata som kan tyde på førhistorisk aktivitet. Ved misstanke om førhistoriske strukturar, blir området undersøkt ved hjelp av eit jordbor eller ved prøvestikk.

Eit prøvestikk tek ein ved å grave eit kvadrat på ca. 40 x 40cm ned til den sterile undergrunnen. Ein fjernar torva og såldar om nødvendig jordmassane under. Om massane er fine og tørre kan dei tørrsåldast, men stort sett blir dei sålda i vatn med eit såld på 4 mm maskevidde. Slik kan ein sjå om det finst spor etter førhistorisk aktivitet i området i form av trekol, steinreiskaper og tilsvarande.

Det vart også leita i markoverflata etter reiskapsavfall i flint og andre bergartar. Eigna bergflater vart saumfart med tanke på helleristningar.

Området inneheld stølar frå nyare tid. Stølsområda vart undersøkte med tanke på eldre tufter og andre spor etter stølsbruk i førhistorisk og tidleg historisk tid.

Alle etterreformatoriske kulturminne/kulturminne frå nyare tid vart fotodokumentert og målt inn med handhalden GPS.

## RESULTAT




Figur 5: Kart som syner område der det vart teke prøvestikke, ArcMap/KHB

Det vart teke prøvestikk på fire ulike stader innanfor planområdet. Desse områda var tørre og hadde noko lausmassar under torva. Her vart det leita etter trekol og steinreiskap/avslag. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet på Guleslettene.

Både frå Botnane i vest med Sørtdalen og Norddalen, i nord frå Sørgulen med Oladalen, og i sør-vest med Uradalen går det skar opp til Guleslettene. Dei vil ha fungert som naturlege trekkruter for flokkdyr. Planområdet er også del av eit større fjellområde mot aust. Det er truleg at Guleslettene har vorte nytta i samband med fangst i tidlegare tider, men då utan fangstanlegg og med midlertidige teltstader som har etterlete seg svake spor. Det er også rimeleg at området også har blitt nytta som beite for husdyr i førreformatorisk tid.

## NYARE TIDS KULTURMINNE



Figur 6: Kart som syner etterreformatoriske stølar, ein steinard, planavgrensing og turbinpunkt, ArcMap/KHB

I planområdet ligg det fire stølar som har vore nytta i nyare tid.

### Sørgulestølane







Sørgulestølane ligg rett nord for delområde B. Det er tre grunnmurar som står att med treverk og ein rest av ein steinmur.

### **Mullistølane**





Mullistølane ligg i delområde A. Det er ein mur og nokre grunnmurar frå stølsbygg med treverk.

### **Pollastølane**



Pollastølane ligg i delområde A. Det ligg att litt av ein grunnmur og noko treverk frå stølen.

## Blomringen



Blomringen ligg i delområde C. Det er ein grunnmur som står att frå den eine stølsbygningen og ein som framleis er reist. Det er bygd ei hytte rett attmed.

## Steingard i Sagedalen



Steingarden går langs Sagedalen og startar innanfor delområde C i nord.

## KONKLUSJON

I perioden 04.-21.07. og 10.08.2017 vart det gjennomført kulturminneregistrering på Guleslettene i samband med Zephyr AS sin plan om vindkraftverk. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Etterreformatoriske stølsområde vart fotografert og punktmarkert med GPS.

Det er truleg at Guleslettene har vorte nytta i samband med fangst i tidlegare tider, men då med midlertidige teltstader og ikkje permanente bustader som er meir synleg i terrenget. Det er også rimeleg at området har blitt nytta som beite for husdyr, også i førhistorisk og tidleg historisk tid.

Førde 25.08 2017

Karoline Hareide Breivik

.....  
Feltleiar

### **Vedlegg:**

- Vedlegg 1. Fotoliste
- Vedlegg 2. Foto
- Vedlegg 3. Innmåling

**VEDLEGG 1: FOTOLISTE**

Nr.	Motiv	Retning	Dato	Fotograf
<b>Karoline sine bilete</b>				
1	Mot Mullislettene	N	05.07.17	Karoline Hareide Breivik
2	Planområdet frå Langevatnet	A	05.07.17	Karoline Hareide Breivik
3	Langevatnet	N	06.07.17	Karoline Hareide Breivik
4	Langevatnet frå fjell i A	SV	06.07.17	Karoline Hareide Breivik
5	Langevatnet frå fjell i A	N	06.07.17	Karoline Hareide Breivik
6	Mot A i planområdet frå fjell	A	06.07.17	Karoline Hareide Breivik
7	Mot Blomringen frå tupp B	V, NV	11.07.17	Karoline Hareide Breivik
8	Sør om Blomringen, tupp B	V	11.07.17	Karoline Hareide Breivik
9	Aust frå tupp B mot tupp A	A	11.07.17	Karoline Hareide Breivik
10	Søregulenstølen, Sel 1	N	11.07.17	Karoline Hareide Breivik
11	Sørgulestølen, sel 2	V	11.07.17	Karoline Hareide Breivik
12	Sørgulestølen, sel 3	N	11.07.17	Karoline Hareide Breivik
13	Steinmur, sørgulestølen	V, SV	11.07.17	Karoline Hareide Breivik
14	Oversyn mot	N	12.07.17	Isabel Furesund

	Sagavatnet			
15	Oversyn nord for Guleskaret	V, NV	12.07.17	Isabel Furesund
16	Oversyn over det smale partiet nord mot teltplassen	NA	12.07.17	Isabel Furesund
17	Oversyn over det smale partiet nord mot teltplassen	A	12.07.17	Isabel Furesund
18	Oversyn over det smale partiet nord mot teltplassen	SA	12.07.17	Isabel Furesund
19	Feature 9	A	12.07.17	Isabel Furesund
20	Oversyn, planområdet søraustdelege del	S	12.07.17	Isabel Furesund
21	Oversyn, planområdet søraustdelege del	V	12.07.17	Isabel Furesund
22	Oversyn, planområdet søraustdelege del	SA	12.07.17	Isabel Furesund
23	Grønt myrområde ved stang	N	12.07.17	Isabel Furesund
24	Overnatting hytte 2	NV	12.07.17	Isabel Furesund
25	Feature 10	N	12.07.17	Isabel Furesund
26	Feature 5	N	18.07.17	Karoline Hareide Breivik
27	Planområdet vatn C	A	18.07.17	Karoline Hareide Breivik
28	Planområdet C	S	18.07.17	Karoline Hareide Breivik
29	Planområdet C	SV	18.07.17	Karoline Hareide Breivik
30	Planområdet C	V	18.07.17	Karoline Hareide Breivik
31	Fiskevatn i sør-vest, pl C	N, NA	18.07.17	Karoline Hareide Breivik

32	Heilt sør i pl. C	N	18.07.17	Karoline Hareide Breivik
33	Langevatna, pl D	V	19.07.17	Karoline Hareide Breivik
34	Langevatna, pl D	N	19.07.17	Karoline Hareide Breivik
35	Sør aust for feature 0, mot sør	S	20.07.17	Karoline Hareide Breivik
36	Tuft, grunnmur	V	20.07.17	Karoline Hareide Breivik
37	Tuft, ståande, T2	NV	20.07.17	Karoline Hareide Breivik
38	Pollastølane	N, NA	10.08.17	Karoline Hareide Breivik
39	Pollastølane	N	10.08.17	Karoline Hareide Breivik
40	Pollastølane	N, NV	10.08.17	Karoline Hareide Breivik
41	Utsyn frå Pollastølane	V	10.08.17	Karoline Hareide Breivik
42	Utsyn frå Pollastølane	S	10.08.17	Karoline Hareide Breivik
43	Utsyn frå Pollastølane	S, SA	10.08.17	Karoline Hareide Breivik

### Lars sine bilete

1	Mot sør før frå fix 1	S	05.07.17	Lars Jølle Berge
2	Mot vei frå fix1	S	05.07.17	Lars Jølle Berge
3	Mot aust frå fix 2	A	05.07.17	Lars Jølle Berge
4	Mot nordaust frå fix 2	NA	05.07.17	Lars Jølle Berge
5	Mot vest frå fix 3	V	05.07.17	Lars Jølle Berge
6	Mot nordvest frå fix 3	NV	05.07.17	Lars Jølle Berge

7	Mot nord frå fix 3	N	05.07.17	Lars Jølle Berge
8	Mot nord frå fix 3	N	05.07.17	Lars Jølle Berge
9	Tuft på avstand, Mullistølen	N	06.07.17	Lars Jølle Berge
10	Eldre tuft, 100 m frå T1	S	06.07.17	Lars Jølle Berge
11	NTE tuft	A	06.07.17	Lars Jølle Berge
12	Tuft, mullistølen, T2	S	06.07.17	Lars Jølle Berge
13	Tuft, mogleg støl, T2 mot vest,	V	06.07.17	Lars Jølle Berge
14	T3	N	06.07.17	Lars Jølle Berge
15	T3	-	06.07.17	Lars Jølle Berge
16	Oversyn ryggen mot sør frå enden	S	06.07.17	Lars Jølle Berge
17	Oversyn ryggen mot sør frå enden	S	06.07.17	Lars Jølle Berge
18	Oversyn ryggen mot sør frå enden	S	06.07.17	Lars Jølle Berge
19	Oversyn ryggen mot sør frå enden	S	06.07.17	Lars Jølle Berge
20	Oversyn ryggen mot sør frå enden	S	06.07.17	Lars Jølle Berge
21	Frå fix 10 mot sør	S	06.07.17	Lars Jølle Berge
22	Frå fix 10 mot vest	V	11.07.17	Lars Jølle Berge
23	Frå fix 11 mot aust	A	11.07.17	Lars Jølle Berge



24	Frå fix 11 mot søraust	SA	11.07.17	Lars Jølle Berge
25	Frå fix 11 mot sørvest	SV	11.07.17	Lars Jølle Berge
26	Frå fix 12	S	11.07.17	Lars Jølle Berge
27	Reist stein 1	S	11.07.17	Lars Jølle Berge
28	Frå fix 13	A	11.07.17	Lars Jølle Berge
29	Frå fix 13	NA	11.07.17	Lars Jølle Berge
30	Frå fix 13	N	11.07.17	Lars Jølle Berge
31	Bergkrystallsamling	-	11.07.17	Lars Jølle Berge
32	Bergkrystallsamling	-	11.07.17	Lars Jølle Berge
33	Punkt, bergkrystall	-	11.07.17	Lars Jølle Berge
34	Frå fix 14	N	11.07.17	Lars Jølle Berge
35	Frå fix 14	NV	11.07.17	Lars Jølle Berge
36	Frå fix 100	NV	18.07.17	Lars Jølle Berge
37	Feature 8	S	18.07.17	Lars Jølle Berge
38	Feature 8	S	18.07.17	Lars Jølle Berge
39	Frå fix 101	NA	18.07.17	Lars Jølle Berge
40	Frå fix 101	A, SA	18.07.17	Lars Jølle Berge
41	Frå fix 102, vestsida av Langevatna	S	18.07.17	Lars Jølle Berge

42	Frå fix 103, mot Botnane	NV	19.07.17	Lars Jølle Berge
43	Frå feature 0	V	19.07.17	Lars Jølle Berge
44	Frå feature 0	N	20.07.17	Lars Jølle Berge
45	Frå feature 0	NA	20.07.17	Lars Jølle Berge
46	Frå feature 0	A	20.07.17	Lars Jølle Berge
47	Feature 1	V	20.07.17	Lars Jølle Berge
48	Frå fix 104	N	20.07.17	Lars Jølle Berge
49	Frå fix 104	V	20.07.17	Lars Jølle Berge

## VEDLEGG 2: FOTO

### Karoline



1



2



3



4



5



6



7



8



9



10



11



12



13



14



15



16



17



18



19



20



21



22



23



24



25



26



27



28



29



30



31



32



33



34



35



36



37



38



39



40



41



42



43





19



20



21



22



23



24



25



26



27



28




29



30



31



32



33



34



35



36



37



38



39



40



41



42




43



44




45



46



47



48



49



50



51



52



53



54



55



56



### VEDLEGG 3: INNMÅLINGAR





**FYLKESKOMMUNE** **SOGN OG FJORDANE**

Nærings- og kulturavdelinga Pb. 173, 6801  
FØRDE  
Besøksadresse: Storehagen 1b, 6800 FØRDE Telefon:  
57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no) [www.sfj.no](http://www.sfj.no)